

## Saksprotokoll 18.06.2020 - fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje saka på saklista utan saksframlegg.

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av Frp, FNB og H fram slikt forslag:

«Tilbodet med arbeidsreiser/tilrettelagt skyss innanfor TT-ordninga for personar med varig tilrettelagt arbeid (VTA) vert vidareført i heile Vestland. Kostnad for 2.halvår 2020 vert finansiert ved handsaming av 2.tertialrapport, og årskostnaden vert innarbeidd i Budsjett 2021/Økonomiplan 2021-24.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Krf, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet viser til vedtak i sak 105/20 i fylkesutvalet 28.mai 2020 «Særskild dekning av arbeidsreiser for brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass».

Nytt vedtak i saka:

1. Tilbodet til brukarar som i dag er omfatta av gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA), vert vidareført som ei overgangsordning ut året. Det vil gje kommunane tid til å finne ei løysing mellom kommunane, arbeidsgivarane og evt. andre for kvar einskild brukar.
2. Fylkesrådmannen bes starte ein dialog med aktuelle kommunar og brukarar slik at alle brukarane vert sikra eit tilbod innan året er omme. Status for dette arbeidet vert framlagt i oktober 2020.
3. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyring. Desse må få råd og rettleiing slik at den statlege tilskotsordninga vert nytta fullt ut. Lar det seg ikkje løyse innanfor den statlege tilskotsordninga, skal brukarane sikrast tilbod gjennom overgangsordninga.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til finansiering i tertialrapporten i fylkestinget i oktober.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at dette vert kommunisert ut til brukarane så fort som mogleg.»

### Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H og FNB) og fall.  
Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkesutvalet viser til vedtak i sak 105/20 i fylkesutvalet 28.mai 2020 «Særskild dekning av arbeidsreiser for brukarar som har varig tilrettelagt arbeidsplass».

Nytt vedtak i saka:

1. Tilbodet til brukarar som i dag er omfatta av gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA), vert vidareført som ei overgangsordning ut året. Det vil gje kommunane tid til å finne ei løysing mellom kommunane, arbeidsgivarane og evt. andre for kvar einskild brukar.
2. Fylkesrådmannen bes starte ein dialog med aktuelle kommunar og brukarar slik at alle brukarane vert sikra eit tilbod innan året er omme. Status for dette arbeidet vert framlagt i oktober 2020.
3. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyring. Desse må få råd og rettleiing slik at den statlege tilskotsordninga vert nytta fullt ut. Lar det seg ikkje løyse innanfor den statlege tilskotsordninga, skal brukarane sikrast tilbod gjennom overgangsordninga.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til finansiering i tertialrapporten i fylkestinget i oktober.

5. Fylkesutvalet legg til grunn at dette vert kommunisert ut til brukarane så fort som mogleg.